

Overordna BEREDSKAPSPLAN

DEL 1: Administrativ del

– overordna beredskapsarbeid

DEL 2: Plan for etablering av kriseleieing

DEL 3: Plan for krisekommunikasjon

DEL 4: Plan for evakuering og etablering av evakuerte og pårørandesenter (EPS)

DEL 5: Plan for etablering av kriseteam

DEL 6: Plan for opplæring og oppfølging

DEL 7: Plan for kontinuitetsplanlegging

DEL 8: Kontaktlister

<i>Vedtak i kommunestyret:</i>	<i>30.03.2023</i>
<i>Revidering/ajourhald gjennomført:</i>	<i>Januar 2024</i>



Innhald

Føreord	3
DEL 1: Administrativ del – overordna beredskap	4
DEL 2: Plan for etablering av kriseleing	12
DEL 3: Plan for krisekommunikasjon	15
DEL 4: Plan for evakuering og etablering av evakuerte og pårørandesenter (EPS)	20
DEL 5: Plan for etablering av kriseteam	23
DEL 6: Plan for opplæring og oppfølging	
Del 7: Plan for kontinuitetsplanlegging	
DEL 8: Kontaktlister	24

Vedlegg 1: Overordna ROS-analyse for Lærdal

Vedlegg 2: Smittevern- og pandemiplan

Vedlegg 3: Plan for atomberedskap

Vedlegg 4: Mal for kontinuitetsplanlegging for einingane

Vedlegg 5: Samarbeidsavtalar for beredskap

Vedlegg 6: Tiltakskort

Vedlegg 7: Beredskapsplan for Helse og Omsorg (sektorplan)

Føreord

Kommunen har eit generelt ansvar for å ivareta folkesetnaden i ein krisesituasjon. Den politiske og administrative leiinga er ansvarleg for at kommunen er i stand til å handtere kriser, og for at det ligg føre ein plan for korleis kommunen skal kunne oppretthalde si verksemd i ein krisesituasjon.

Handtering av eit auka informasjonsbehov internt i kommunen, og i høve til media og publikum, vil vere ein viktig del av kriseplanen. Rask og effektiv handling under ei katastrofe, krise- eller krigssituasjon føreset at ansvarsforhold med bruk og fordeling av disponible ressursar er avklara på førehand.

Det er i sentrale myndigheiter si særlovgjeving stilt krav til den einskilde kommunen sine beredskapsførebuingar, både med tanke på skadeførebyggjande og skadereduserande tiltak.

Denne planen er utvikla for å setje kommuneleiinga i stand til å handtere ei større ulukke eller uynskt hending som har kome på innanfor kommunen sitt ansvarsområde. Planen dekkar beredskapsansvaret som kommunen har i medhald av Sivilbeskyttelseslova og Helseberedskapslova.

DEL 1

Administrativ del – Overordna beredskapsarbeid

1 Innleiing

1.1 Generelt

Katastrofar, alvorlege ulukker og svikt i samfunnsviktige system avslører ofte at samfunnet ikkje er godt nok førebudd på å handtere vanskelege situasjonar tilfredsstillande. Sjølv mindre forstyrringar resulterer ofte i store tap for menneske, miljø og verksemder. Med enkle middel vil mange slike situasjonar kunne bli unngått.

Naturkatastrofar har vi alltid måtta leve med, men i tillegg har den tekniske og økonomiske utvikling ført til stadig aukande tal på uynskte hendingar, som brannar og eksplosjonar, miljøforstyrringar, driftsforstyrringar, driftsstans og forsyningssvikt.

1.2 Målsetjing

Lærdal skal vera ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebyggja kriser og uønskte hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønskte hendingar likevel skjer, skal kommunen vera i stand til å takle det på ein god måte.

Beredkapsplanen skal sikre at beredskapsarbeidet vert gjennomført på ein slik måte at det oppfyller krava i lov og forskrift. Vidare skal den sikre ei god implementering av beredskapsarbeidet i organisasjonen, godt samarbeid med andre offentlege og private aktørar, samt leggje til rette for øving og kompetanseheving av personell som har rollar i beredskapsarbeidet.


1.3 Lovheimel

Tenesteeiningane skal etter *Lov om helsemessig og sosial beredskap* planleggje beredskapen og ha ein beredkapsplan for å verne om liv og helse i befolkninga, og sikre at naudsynt helsehjelp og sosiale tenester vert gjeve også i ekstraordinære situasjonar.

Lov om Kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (Sivilbeskyttelseslova) gir i §§ 14 og 15 kommunen ein generell beredskapsplikt. Lova sine krav er at kommunen utarbeidar ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for kommunen, og med utgangspunkt i denne, lagar ein overordna beredkapsplan. *Forskrift om kommunal beredskapsplikt* er gjeve med heimel i lova. Forskrifta gjev presiserande og utfyllande reglar om den kommunale beredskapsplikta. Ein av hovudhensiktene med forskrifta er å sikre at kommunen jobbar heilskapleg og systematisk med samfunnssikkerheits- og beredskapsarbeidet.

1.4 Organisering av beredskapen i kommunen

Beredskapen i Lærdal er i hovudsak organisert slik:



Kommunedirektøren har det overordna ansvaret for beredskapen, til vanleg og i krise.

Beredskapskoordinator følger opp det daglege beredskapsarbeidet. Arbeidsoppgåver til beredskapskoordinator:

- arrangere årlege øvingar for kriseleiing
- sørge for opplæring ved behov (naudnett, Rayvn, handtering av krise, osv.)
- arrangere årlege møte med beredskapsrådet
- koordinere ajourhald, revidering av planverk med planleggjar, opplæring og kursing, evaluering

Beredskapsrådet skal kallast inn til møte minimum kvart 2. år. Beredskapsrådet består av representantar frå kriseleiinga, NVE, Østfold Energi, Statsforvaltaren i Vestland, Statens vegvesen, Helse Førde/Lærdal sjukehus, Sivilforsvaret, Lærdal Røde kors, Kommuneoverlege, Lensmannskontoret, IKT-ansvarleg, Lærdal Energi/Sygnir og Brannsjefen.

1.5 Store uynskte hendingar

Kommunen har gjennomført overordna ROS-analyse. Ein kom her fram til at følgjande hendingar kunne vere aktuelle for Lærdal:

Hending	Årsak	Lokale forhold og aktualitet	Analysert vidare
Ekstremvær: - Kraftig vind - Langvarig turke og høg temperatur - Lokal og intens nedbør - Ekstrem kulde	Været vil alltid vera varierende, og av og til nå ytterpunkta. Klimaendringane kan forverre desse svingingane i vær, og ekstremvær vert enno meir ekstremt.	Svært aktuelt, spesielt kraftig vind og intens nedbør	Ja, i fleire scenarioer
Flaum	Unormal vannføring som følge av store nedbørsmengder	Svært aktuelt, spesielt i Lærdalselva og sideelver	Ja, i scenario <i>Storflaum i Lærdalselva</i>
Skred	Inngrep i natur eller terreng Vær	Svært aktuelt	Ja, i scenario <i>Skred over bustadfelt Ofta og Utfall av E-kom i meir enn 24 t</i>
Pandemi	Menneskeskapt smitte Biologisk terror Vaksinemangel	Svært aktuelt	Ja, i scenario <i>Pandemi –smittsame sjukdomar</i>
Distribusjon av smittefarleg mat	Gjennom institusjonskjøkken Gjennom butikk, serveringsstad eller arrangement	Kan vere aktuelt, men i låg grad. Vert handtert innan sektorplanar og verksemdplanar	Nei
Skogbrann	Lynnedslag Påtenning Skogsdrift	Aktuelt, men i mindre grad på tvers av sektorar Vert handtert innan eigne sektorplanar (ROS-brann)	Nei
Dambrot	Terror, teknisk svakheit	Aktuelt, men lågt sannsyn. Konsekvensane vert enorme, men sannsynet for hendinga er minimal etter oppgraderingar av dammane. Umogleg å planleggje sikker utbygging om ein skal krevja sikker sone for dambrot. Unngå større institusjonar i faresona.	Ja, i scenario <i>Dambrot</i>
Bygning eller konstruksjon som rasar sammen	Tekniske forhold ved bygning eller konstruksjon Vær	Lite aktuelt på grunn av svært strenge krav til bygningskonstruksjonar. Har vore hendingar i landet, men då oftast knytt til store snømengder, noko me ikkje har	Nei

Stor trafikkulukke, kollisjon, tankvelt	Ulykke, menneskeleg el.teknisk svikt Vær, dårleg vegstandard Terrorhandling	Svært aktuelt, då det er mykje trafikk gjennom kommunen, og stor mengde av dette er med farleg gods	Ja, som overføringsverdi frå scenario <i>Tunnelbrann i Lærdalstunnelen</i>
Langvarig straumutfall	Ulykke Vær Terrorhandling	Aktuelt	Ja, i scenario <i>Utfall av E-KOM i meir enn 24 t</i>
Bortfall av telekommunikasjon	Ulykke Vær Terrorhandling	Aktuelt	Ja, i scenario <i>Utfall av E-KOM i meir enn 24 t</i>
Svikt i vannforsyning	Ulykke Vær Terrorhandling	Aktuelt	Ja, i scenario <i>Skred over bustadfelt Ofta og Utfall av E-KOM i meir enn 24 t</i>
Svikt i avløpssystemet	Ulykke Vær Terrorhandling	Aktuelt, men vert vurdert som ikkje sektorovergripande hending. Handtert i sektorplanar.	Nei, men noko omtala i scenario <i>Utfall av E-KOM i meir enn 24 t</i>
Avstengd lokalsamfunn, utan vegsamband	Ulykke Vær	Aktuelt, spesielt for Erdal, Vindedal og Enda vinterhalvåret. Frønningen har ikkje vegsamband, men kan bli avsondert utan tilgang på båt/ferje	Ja, som følgjehending i scenario <i>Utfall av E-KOM i meri enn 24 t</i>
Trussel om bombe, gisselsituasjon eller bruk av våpen	Psykiske lidningar, politiske overbevisningar, religiøse handlingar	Aktuelt, men sannsynet vert vurdert som svært liten. Handtert i PLIVO for politiet	Nei
At det faktisk skjer: bombetrussel, gisselsituasjon, bruk av våpen		Aktuelt, men sannsynet vert vurdert som svært liten. Handtert i PLIVO for politiet. Likevel vurdert i scenario.	Ja, i scenario <i>Skuleskyting</i>
Atomulykke	Menneskeleg svikt, teknisk svikt, terrorhandling	Aktuelt, kanskje aukande i framtida	Ja, i scenario <i>Atomulukke på Sellafeld</i>
Radon, høg konsentrasjon i område med bustadar	Grunnforhold	Lite aktuelt, då målingar gjort rundt om i Lærdal viser svært låge Radon-verdiar. Vert handtert i TEK og Plan- og bygningslova. Ikkje sektorovergripande.	Nei
Brann i institusjon	Menneskeleg svikt, feil i elektrisk anlegg eller utstyr, ildpåsetting	Aktuelt	Ja, i scenario <i>Brann i institusjon</i>

I dei fleste tilfelle vil ulukkar og katastrofar som nemnd over vere av eit slikt omfang at redningstenesta, som vert leia av politiet, vil ha kapasitet til å takle situasjonen. Dersom ei omfattande ulukke eller katastrofesituasjon inntreffer, og ressursane til dei ordinære innsatsorgana ikkje strekk til, kan kommunen bli engasjert i rednings- og opprydningsaksjonar. I slike situasjonar vil det bli stilt store krav til innsats frå berørte kommunar, også utover det å stille ressursar til disposisjon. Kommunane er pliktige til vederlagsfritt å stille ressursar til disposisjon for redningstenesta ved oppmoding. Dette er heimla i "Direktiv for politiets redningstjeneste", pkt. 1.2 og 1.7. Ressursane kan vera brannvernmateriell og personell, teknisk materiell og utstyr, helse- og omsorgsressursar, oljevern- og havnemateriell, bygningar, lokalitetar, køyretøy osv.

1.6 Kommunen sitt ansvar og oppgåver

Kommunen sitt ansvar i ein krisesituasjon er å delta i arbeidet med skadeavgrensande tiltak for å sikre menneske, miljø og økonomiske verdiar. Det kan også vere situasjonar der kommunen sjølv er ansvarleg for å handtere hendingar. Til dømes ved smitteutbrot e.l. Døme på oppgåver som kommunane kan få ansvaret for å handtere i ein krisesituasjon:

• ta hand om skadde eller evakuerte personar
• omsorg for personar som har vore utsette for store påkjenningar
• bistand ved evakuering av personar frå eit utsett område
• innkvartering av skadde eller redningsmannskap
• informere om situasjonen i kommunen og gje forholdsreglar
• forpleiing eller anna forsyningsstøtte o sikre trygge næringsmiddel og drikkevatt for god helse
• gjennomføre regulerings-/rasjoneringstiltak
• rette opp skader på kommunikasjonar og andre anlegg
• opprydding, oppreinsking, avfallsdeponering og anna innsats for miljøet
• vern om kulturelle verdiar


Det blir i ROS-analysen konkludert med at dei mest aktuelle sektorovergripande uynskte hendingane i kommunen er:

- Tunnelbrann, stor bilulukke, farleg gods
- Utfall av E-KOM i meir enn 24 t
- Utbrot av Pandemi – smittsam sjukdom
- Storbrann med spreingsfare
- Atomulukke
- Skred over bustadfelt
- Storflaum i Lærdalsleva/sidelevar
- Dambrot
- Skuleskyting (Plivo-hending)
- Evakuering av institusjon
- Dataangrep/-innbrot
- Akutt større ureining
- Mangel på kraftforsyning – strumrasjonering
- Svikt i forsyning (mat, medisinar, drivstoff)

Det er gjort fleire tiltak for å betra sikkerheitsnivået i kommunen. Det er samarbeid med nabokommunar om IKT, for å gjere systema meir robuste i høve serverar, tilgang på personell, kompetanseutveksling osv. Det er eit arbeid i gang for å få Lærdal godkjend som Trafikksikker kommune. Gamle Lærdalsøyri har vore gjennom eit omfattande brannsikringsprosjekt med blant anna sprinkling av bygningar og automatiske brannvarslarar til brannsentral. Utfordringar kan vera omorganisering innan politiet, slik at det kan ta lengre tid før politiet er til stades på ein skadestad. Ras- og flaumutsette vegsamband kan utfordre rask beredskap. Svakheiter i linjenettverket, kan føre til lange periodar utan E-KOM. Kommunen må kontinuerleg arbeide med å betre samfunnsikkerheita, i tett samarbeid med andre aktørar og offentlege etatar (som NVE, Statens vegvesen, Lærdal Energi/Sygnir, Telenor osv).

1.7 Overordna beredskapsplan i plansystemet

Ein overordna beredskapsplan i kommunen er eit naudsynt hjelpemiddel for raskt å kunne reagere rasjonelt og effektivt i kritiske situasjonar. Andre underordna beredskapsplanar skal ta inn føringar som vert vedteke i den overordna beredskapsplanen og haldast ajour i forhold til prioriterte tiltak, rutinar, varslingslister osv.



Alle beredskapsplanar er bygd på overordna ROS-analyse og eigne ROS-analysar for dei ulike tenesteområda. Viktige planar som er spesielt viktige i krisar som kan omfatte fleire einingar er lagt som del av, eller som vedlegg, til denne planen. Dette gjeld følgjande planar:

- Smittevern- og pandemiplan
- Plan for atomberedskap
- Beredskapsplan for Helse og Omsorg (sektorplan)

Elles er det fleire andre relevante og viktige beredskapsplanar, rutinar og prosedyrar i einingane som er viktige å halde revidert og oppdaterte, som beredskapsplan for brann, for vassforsyning, osv.

1.8 Støttefunksjonar

Statsforvaltaren i Vestland

Hjå statsforvaltaren vil det ved store ulukker eller katastrofar verte etablert ein krisestab direkte under statsforvaltaren si leiing som skal operere på døgnbasis. Statsforvaltaren sin krisestab har ingen operative oppgåver innan den sivile redningstenesta, men skal kunne ta imot, effektuere eller vidareformidle oppmodingar om eventuell støtte. Krisestaben skal snarast mogeleg etter at den er etablert ta kontakt med kommunane i fylket og etablere samband. Kommunen skal straks orientere statsforvaltaren om situasjonen, utviklinga og elles om det er tiltak kommunen ynskjer sett i verk frå statsforvaltaren si side.

Støttefunksjonar ved atomnedfall/-utslepp

Det er oppnemnd eit fagleg råd med sekretariat og operasjonssentral i Direktoratet for strålevern og atomsikkerheit (DSA) kring atomulukke-hending og utslepp av radioaktivt avfall. DSA har oppgåver både i det alminnelege beredskapsarbeidet og i ein akuttsituasjon.

Ved atomulukker skal Fagleg råd:

- Hente inn og bearbeide informasjon og måledata, utarbeide prognosar og oversikt over situasjonen
- Gje samordna råd til ansvarleg myndigheit, med siktemål å beskytte liv og helse og andre viktige samfunnsinteresser
- Sørge for samordna informasjon til myndigheiter, publikum og mediar

Kommunehelsetenesta skal følgje opp tiltak som vert sett i verk av statsforvaltaren og råd frå DSA, gje informasjon og råd til befolkninga, myndigheiter og media i eigen kommune. Ved beredskap/krig har sivilforsvaret ansvaret for å varsle sivilbefolkningen ved fare for radioaktivt nedfall.

Statens vegvesen og NVE

Statens vegvesen og NVE vil vera støttespelarar/aktørar der det vert aktuelt, f.eks ved skred over E16, flaum eller skred som rammar bustadfelt eller større vegsamband.

DEL 2

Etablering av kriseleiing

2.1 Funksjon

Kriseleiinga sin funksjon er å ha myndigheit og kunnskap til å kunne ta raske avgjerder i ein akutt situasjon. Personar i kriseleiinga skal parallelt vera leiarar for sine faste funksjonar i kommunen, men skal kunne kome saman for å koordinere krisehandteringa.

2.2 Samansetning av kriseleiing

Ordinær funksjon	Spesielt ansvar i kriseleiinga	Vara
Kommunedirektør	Leiar	Einingsleiar Tekniske tenester
Ordførar	Overordna informasjonsansvar	Varaordførar
Einingsleiar Tekniske tenester		Oppsynsmann tekniske tenester
Landbrukssjef	Evakueringsarbeid	Planleggjar
Einingsleiar Helse/LMS		Einingsleiar Pleie og Omsorg
Organisasjon – og personaleiar	Informasjons- og mediahandtering	Rådgjevar kultur og oppvekst
Fagleiar Løn	Loggføring	Økonomikonsulent
Fagleiar Arkiv	Loggføring	Personalkonsulent

Kontaktinformasjon til medlemane i kriseleiinga er i del 8 – Kontaktlistar.

2.3 Organisering og varsling av kriseleiinga

Stad for etablering av kriseleiing: Lærdal rådhus, formannskapssalen

Alternativ: - Møterommet brannstasjon Bergo, Lærdal sjukehus, Borgund Samfunnshus

Kommunedirektør er leiar for kriseleiinga. Ordførar eller kommunedirektør kan vedta at kriseleiinga skal etablerast. Dersom kommunedirektør eller ordførar ikkje er tilgjengelege, har varaordførar og vara for kommunedirektør tilsvarande fullmakt.

Varsling av kriseleiing skjer i hovudsak gjennom varslingsystemet RAYVN med taleanrop og sms. Den som vedtek etablering av kriseleiing organiserer varslinga. Alle varsel skal bekreftast av mottakar. Dei som ikkje kan delta, skal ikkje svare «deltek», og skal ikkje følgje hendinga i loggen.

Dersom faste medlemar ikkje kan møte, skal dei sjølve varsle sin vara. Det må gjennomførast ein kontroll ved etablering av kriseleiing på at alle er møtt, eventuelt at vara er kalla inn.

Det skal førast logg/referat frå alle møter i kriseleiinga, også evaluering. All loggføring skal leggast inn i RAYVN etter kort tid. Dette gjeld både for uynskt hending og øvingar.

Vara møter dersom fast medlem ikkje er tilgjengeleg og erstattar faste medlemmer der det er naudsynt å halde samling av kriseleiinga over lengre tid. Ved behov for langvarig kriseleiingsarbeid, kan det vera aktuelt å hente inn bistand frå kriseleiing i nabokommunar.

Alt etter hendinga sitt omfang og art, kan det vere aktuelt å trekkje inn andre ressursar i kommunen til kriseleiinga. Kommunedirektør har fullmakt til å etablere eigne relevante beredskapsgrupper som er underlagd kriseleiinga, som kan møtast oftare og følgje opp hendinga tettare og nærare dei råka einingane i kommunen.

2.4 Sentralbord og kontakt med kriseleiing

Sentralbordet kan i ein krisesituasjon verte bemanna også utanom kontortid.

Lærdal kommune (sentralbordet):	Epost: post@laerdal.kommune.no , tlf. 57 64 12 00
Kriseleiing (<i>vert berre teke i bruk ved større krisehendingar</i>)	Epost: beredskap@laerdal.kommune.no , tlf. 99 46 88 00

2.5 Kriseleiinga sine oppgaver

I oppstarten av ein krisesituasjon:

Avgjere at kommunen sin kriseorganisasjon skal bli etablert heilt eller delvis. Dersom det vert sett kriseleiing, skal loggføring starte. Varsling av hending til medlemar/vara skal og loggførast. Gjennomføre kontroll på at alle i kriseleiinga har møtt, eventuelt har kalla inn sin vara.
Innhente opplysningar og få ein best mogeleg oversikt over situasjonen i kommunen.
Etablere ei felles forståing i kriseleiinga for kor omfattande problema er.
Avgjere omfang av støttetjenestene og ta stilling til om fylgjande funksjonar skal bli etablert: <ul style="list-style-type: none"> • Presse- og infosenter • Publikumsteneste • Evakuerte- og pårørandesenter
Avklare, blant anna med skadeplassleiar, behov for kommunen sitt utstyr/materiell. Når liv og helse er truga er det alltid politiet som "eig" skadestaden.
Avklare om annan fagleg kompetanse skal bli innkalla/informert. Til dømes varsling av Psykososialt kriseteam .
Avklare om kriseleiinga skal utvidast med representantar frå andre aktørar/støttefunksjonar, som Røde kors, Sivilforsvaret, Politiet osv. Avgjere om når desse skal alarmerast fullt er lagt til politiet, men kriseleiinga kan oppfordre politiet om at dei vert utkalla. Kriseleiinga kan og knyte til seg ein representant frå desse aktørane/støttefunksjonane utan politiet si godkjenning pga. signerte samarbeidsavtalar med kommunen om beredskap.
Utarbeide informasjon og sette i verk naudsynte informasjonstiltak internt i organisasjonen, for innbyggjarane, media og andre. Koordinere med infoansvarleg og skadeplassleiing.
Sikre ein god informasjonsstrategi, her under: <ul style="list-style-type: none"> • Kva for ein informasjon skal vektleggjast? • Kva spørsmål vil vår informasjon skape? • Kva tema bør unngåast/kva skal ein ikkje kommentere?
Sette i verk strakstiltak for å hindre fleire skadar på personar, miljø og materielle verdiar i samarbeid med profesjonelle redningsmannskap.

I driftsfasen av ein krisesituasjon:

Kontinuerleg vurdere hendingar, konsekvensar, naudsynte handlingar og tidsramme.
Vurdere behovet for og evt. rekvirere naudsynt utstyr/ materiell.
Vurdere om kommunen må sette i verk fleire tiltak for å hindre/avgrense skadar på personar, miljø og materielle verdiar.
Ivareta kontakt med innsatsleiinga i politiet, eventuelt LRS og operasjonssentralen.
Halde kontakt og oversikt med kommunen sitt utplasserte personell og materiell. Hugs skifte av personell ved langvarig innsats.
Avgjere/avklare om det er aktuelt med personalressursar frå frivillige organisasjonar.
Vurdere framtidig behov ut frå val som blir teke.

2.6 Instansar det kan vere aktuelt å etablere kontakt med

- Kriseteam i Lærdal kommune (del 5)
- Lensmannen
- Statsforvaltaren i Vestland, Samfunnstryggleik og beredskap
- Lærdal Sjukehus
- Helse Førde, beredskapssjef
- Lærdal Røde Kors
- Bergenhus Heimevernsdistrikt 09
- Lærdal Energi AS/Sygnir
- Østfold Energi AS (Borgund Kraftverk)
- Statens Vegvesen, vegtrafikksentralen
- Soknepresten i Lærdal
- NVE - Førde
- Siviltforsvaret, Fredsinnsatsgruppa(FIG) i Aurland og Årdal
- Mattilsynet
- SognLab AS
- Nettbuss/Tide/Vy
- Kriseleiing - nabokommunane, då spesielt Årdal og Aurland

Kontaktlistar i del 8

2.7 Fullmakt

Kriseleiinga ved ordføraren har fullmakt til å gå utover dei rammer for bruk av budsjetterte midlar i krisesituasjonar med 500.000 kr.

2.8 Kriseteam

Alt etter ulykka/katastrofen sitt omfang og art, kan det vere aktuelt å trekkje inn psykososialt kriseteam. Sjå del 5 – Etablering av kriseteam.

2.9 Beredskapsvarsling frå Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren formidlar beredskapsvarsel til kommunane når det er fare for flaum eller ekstremver. Varslinga kan og tenkast brukt når det gjeld helseberedskap, atomberedskap m.v. Dette varselet vert sendt via SMS og e-post til kommunedirektør og vakttelefon, teknisk drift, loggførarar og kriseleiing. Det er ikkje plikt for mottakar å stadfeste varselet.

DEL 3

Plan for krisekommunikasjon

3.1 Ansvar

Leiar/ansvarleg for informasjonsarbeidet:	Vara:
Ordførar	Varaordførar

Leiar for informasjon- og presesenter:	Vara
Leiar Organisasjon og personal	Rådgevar Kultur og oppvekst

3.2 Målsetjing

Kommunen skal ved kriser kunne informere media, eigne tilsette og kommunen sine innbyggjarar på ein effektiv, offensiv og tilfredsstillande måte. Dette skal ivaretaast av kriseleiinga.

Alle kommunen sine pressemeldingar, pressekonferansar og oppslag på heimesida skal avklarast med informasjonsansvarleg i kriseleiinga (ordførar).

Målsetjinga med informasjonsarbeidet er å:

- bidra til å skape tryggleik og redusere unødig angst.
- forhindre feilinformasjon.
- rettleie og gje råd til råka partar.
- styrke tilliten til kommunen.

Hindre informasjonskrise

Alle slags uønskte hendingar fører med seg eit stort informasjonsbehov. Mangel på informasjon og samstundes stor interesse for informasjon frå innbyggjarar, media og andre, er vanleg under krise. Dersom det ikkje er god nok tilgang til sakleg og korrekt informasjon, kan ein risikere at det vert skapt rykte og informasjon basert på personlege opplevingar eller kjensler.

Vegen er kort til at det i tillegg til den faktiske krisa, oppstår ei informasjonskrise med negative konsekvensar. Mangel på informasjon kan føre til større skadeomfang enn naudsynt og i verste fall til panikk og kaos. Ei slik informasjonskrise vil også svekke tilliten til kommunen og kommunen sitt omdøme.

Det er viktig å vere medviten om det mangfaldet av informasjonskanalar og tempoet som informasjon blir spreidd med i dag, og at det kan vera utfordrande for kriseleiing og politiet å vera rask nok ute med god og rett informasjon.

3.3 Ansvarsfordeling

Ein omfattande krisesituasjon kan delast i to fasar: akuttfase (normalt det fyrste døgnet) og driftsfase. Denne planen omfattar i hovudsak akuttfasen, der fylgjande prinsipp gjeld:

Politiet/lokal redningssentral:	Gje konkret informasjon om hendinga si utbreiing og konsekvensar.
Kommunen:	Varsle dei som er utsett for fare og evt. deira pårørande. Koordinere innsats på systemnivå og orientere om tiltak. Forhindre frykt som ikkje er naudsynt.

3.4 Informasjonsansvarleg sine oppgåver

Ansvar

- Etablere og leie kommunen si informasjonsteneste.

Arbeidsoppgåver

- Innhente opplysningar om situasjonen og rapportere vidare til kriseleiinga.
- Informere om farlege situasjonar som kan oppstå, og bidra til å hindre større skade.
- Informere om forhold som verkar inn på både helsa og det sosiale, ressursituasjon, energispørsmål, kommunikasjon osv.
- Informere eigne tilsette.

I samråd med politiet:

- Gje informasjon til publikum/pårørande under og etter krise.
- Gje informasjon til innbyggjarane om situasjonen.
- Informere media.
- Gje media informasjon om pressekonferanse.
- Utlevere pressemeldingar frå kriseleiinga.
- Vise mediepersonar til opphaldsrom der dei kan vente på ny informasjon.

Støttefunksjonar

For å konkretisere ansvar, oppgåver og forventa utføring er det utvikla fylgjande støttefunksjonar som rapporterer til informasjonsleiar:

- Presse- og informasjonssenter
- Publikumsteneste (tlf, e-post og frammøtte)
- Evakuerte og pårørandesenter (EPS)

Sikre informasjon til personar med annan språkbakgrunn enn norsk

All viktig informasjon som vert spreidd på heimesida til kommunen under krise, må også leggjast ut i fleire språk og minimum engelsk versjon. Det skal opprettast kontakt med Flyktningtenesta sitt personell for å oppretthalde god kontakt med flyktningane i kommunen under krise, og sikre tilgang til tolketeneste. All viktig informasjon om krise som vert spreidd på kommunen si Facebook-side, skal linkast til heimesida, slik at det er lett tilgang på engelsk versjon av informasjonen.

3.5 Gjeldande prinsipp/Stående ordre

- Alt informasjonsarbeid skjer i samråd med kommunedirektør og ordfører og evt. Politiet.
- Informasjonen som går ut frå kommunen skal kvalitetssikrast for å unngå feilinformasjon eller misforståingar.
- I hovudsak er det Politiet som i akuttfasen uttalar seg om situasjonen på skadestaden, skadeomfang og personskadar/omkomne. Kommunen bringar då dette vidare berre i den utstrekning informasjonen er kvalitetssikra og avklara med Politiet. Kommunen vil normalt ikkje informere om årsaksforhold.
- Det er også Politiet som evt. gjev media tilgang til skadestaden.
- Kommunen sitt informasjonsansvar består fyrst og fremst i å ivareta publikum slik at ikkje skadane blir større enn naudsynt og slik at det ikkje oppstår unødig frykt, panikk eller kaos.
- Det vil normalt vere ordfører som er kommunen sitt andlet utad også i krisesituasjonar.
- Prioriteringar:
 1. Liv og helse
 2. Miljø
 3. Materielle verdiar

3.6 Media, kanalar og varsling av folkesetnad

Gode rutinar for varsling av innbyggjarane kan ha avgjerande skadeførebyggjande og skadeavgrensande verdi.

Ved kriser er kommunen sine hovudkanalar ut mot publikum dei same som elles:

- Telefon – svarteneste ved sentralbordet.
- Internett – kommunen sin ordinære nettstad, intranett, sosiale medium som Facebook og Twitter.

I hovudsak skjer informasjonsformidlinga ved at meldingar blir lagt ut på internett. Der blir også oppgjeve telefonnummer for publikumskontakt og telefonnummer som politiet har oppretta, og mediekontakt.

Media kan og nyttast til informasjonsformidling – viktig med god kontakt og samarbeid med dei.

Alle spørsmål på telefon blir styrt til og via kommunen sitt sentralbord som eventuelt blir forsterka med anna personell. Det er viktig å syte for at:

- publikum, råka, pårørande mv. i størst mogeleg grad kan tene seg sjølv via nettløysingane.
- flest mogleg kan få enkle svar på sine spørsmål på Sentralbordet. Dette vil frigjere ressursar som er naudsynte å bruke på å koordinere, ta avgjerder og utføre faglege oppgåver.

I heilt spesielle situasjonar kan også fylgjande kanalar takast i bruk:

- Dør-til-dør-aksjon, husbesøk
- Informasjonsmøte
- Brosjyrar/brevpost, delt ut av kommunen sine tilsette, til dømes på skulane som ranselpost og plakatoppslag

Elektronisk Varsel

Kommunen nyttar elektronisk system (Varsling24) for akuttvarsling av folkesetnaden (t.d. via SMS).

Internett i krisesituasjonar

Informasjon vert kunngjort på kommunen si heimeside og vert plassert i toppen i nyheitsfeltet. Det er særleg viktig å ha ajourført, oppdatert informasjon. Hugs å oppdatere sjølv om det er lite nytt å fortelje – fortel i så fall akkurat det. Det må også leggjast ei melding på intranettet (evt. sendast på e-post) om at tilsette må bruke internettsida for å halde seg oppdatert.

3.7 Korleis møte media

- Tenk gjennom budskapet i forkant. Ei fornuftig rekkjefylgje kan vere:
 - Menneske/empati
 - Miljø
 - Materielle verdiar
 - Handling – kva kommunen (evt. andre instansar) gjer
 - Publikum – korleis andre bør/skal reagere i høve til situasjonen
- Ver så open som mogeleg, men ver medviten og marker tydeleg at det er klare grenser for kva det er rett at kommunen informerer om.
- Media kan lett bli oppfatta som ein trussel eller "klamp om foten" i ein krisesituasjon, men må fyrst og fremst bli sett på som ein viktig ressurs for å få ut informasjon.
- Ver rask! Kampen om sanninga handlar i stor grad om å vera fyrst på bana.
- Media blir handsama med openheit og respekt, alle aktørar blir handsama likeverdige
- Ikkje la deg presse av media sitt tidspress eller «deadline».
- Før logg for kontakt med media – namn, medienamn, mobilnr. og e-postadresser, tidspunkt for kontakt og innhald i melding.
- Avtalar med, og lovnader til media, skal haldast.
- Usemje med media blir avklara i ettertid, helst med redaksjonsleiinga.
- Ikkje informer media før pårørande mv. er informert.
- Ikkje bruk sperrefrist. Det som ikkje kan kunngjerast får vente.
- Ver ærleg. Unngå spekulasjonar og vurderingar, hald deg i størst mogeleg grad til fakta.
- Forsøk ei balansert framstilling – ikkje overdriv eller bagatelliser.
- Forklar kvifor det er informasjon me ikkje kan gå ut med – unngå «Ingen kommentar»

3.8 Presse- og informasjonssenter

Avgjerd om etablering av presse- og informasjonssenter er lagt til Informasjonsansvarleg (ordførar).

Leiar av Presse- og informasjonssenteret skal sikre fylgjande:

- Etablere senteret i tråd med vedtak i kriseleiinga.
- Leggje forholda til rette for media slik at pressa får tilgang til informasjon.
- Sende ut godkjende pressemeldingar og invitere til eventuelle pressekonferansar.
- Notere alle spørsmål i eigen logg.
- Ta i mot viktige meldingar og bringe desse til journalførar i kriseleiinga.
- Føre oversikt over presserepresentantar som har vore innom pressesenteret.
- Registrere informasjonsbehov på eigen flippover.
- Setje opp vaktlistar og føreslå bemanning for informasjonsleiar.

Utstyr presse og informasjonssenter:

- Telefon og telefaks. PC med internett og skrivar.
- Radio, TV, kopimaskin, overhead, prosjektør, lerret, flippover, peikestokk mv.
- Sanitærforhold og mogelegheit for kost og losji.
- Flippover/tavle til oversikt over viktige meldingar og anna

3.9 Publikumstenesta/Sentralbordet

Sentralbordsleiar held kontakt med informasjonsansvarleg. Dersom krise/katastrofen har ei slik geografisk plassering at det er meir høveleg/naudsynt å etablere seg i andre lokale, skal kriseleiinga vurdere kor dette skal etablerast. Det bør tilstrebast bra E-KOM (mobildekning, mobilt breiband, internett, telefonsamband osv.) i lokale.

Sentralbordleiar skal sikre fylgjande:

- Etablere publikumstenesta i tråd med vedtak i kriseleiinga.
- Handtere spørsmål frå publikum på ein korrekt, effektiv og omsynsfull måte og at berre godkjent informasjon blir gjeven.
- Sørge for at viktige meldingar blir sendt til loggførar i kriseleiinga sitt sekretariat.
- Skaffe oversikt over aktuelle telefonnummer/adresser som kan vidareformidlast til publikum.
- Handtere vaktlistar og føreslå bemanning for informasjonsleiar.

DEL 4

Plan for evakuering og etablering av evakuerte- og pårørandesenter (EPS)

4.1 Evakuering av skadestad/fareområde

(Forklaring: Å flytte personar frå ein skadestad eller eit utsett område i kommunen, til ein trygg stad i eller utanfor kommunen)

Ansvarleg

Leiar/ansvarleg for evakueringsarbeidet:	Vara:
Landbrukssjef	Planleggjar

Tilgjengelege mannskap

Desse kan bistå med evakuering:

- Lærdal Røde Kors (evt. Sogn og Fjordane RK)
- Fredsinnsatsgruppa i Aurland og Årdal (Sivilforsvaret, FIG)
- Bergenhus Heimevernsdistrikt 09

Kontaktlistar i del 8

4.2 Oppgåver i evakueringsarbeidet

- Skaffe oversikt over evakueringsområdet (kven som bur der m.v.).
- Informere folk i området som skal evakuerast kva dei skal ta med seg.
- Skaffe transportmiddel
- Samle folk i eigna lokale når ikkje innkvartering kan skje direkte.
- Foreta registrering av evakuerte og kvar dei er innkvarterte.
- Kontrollere at evakueringsområdet er tomt og setje ut vaktmannskap.
- Hjelp til ved behandling av skadde.
- Samarbeide med skadeplassleing/LRS.
- Sørgje for forpleiing og eventuelt klede
- Omsorgsfunksjon. Avtale med prest/frivillige organisasjonar.
- Gje informasjon.

4.3 Generelt om EPS

I gitte situasjonar kan personar måtte flyttast frå eit farleg til eit trygt område. Det kan vere fordi det ikkje er mogeleg å forsyne dei med naudsynte tenester (vatn, straum, mv.), fordi det medfører fare å opphalde seg på staden (brann, eksplosjon, lekkasje av farlege stoff mv.) eller at deira nærvær forstyrrar redningsarbeid elles.

Kommunen har hovudansvaret for at alle som bur eller oppheld seg i kommunen blir godt ivaretekne. Det inneber blant anna at kommunen har ansvaret for å opprette og drifte eit senter for evakuerte og pårørande, når det er naudsynt eller politiet ber om det.

4.4 Lokalisering av EPS

EPS kan bli etablert i eigna lokale som skular, idrettsanlegg, forsamlingshus eller overnattingsplassar. Senteret skal kunne ta i mot fysisk uskadde personar som er evakuert frå ein skadestad, men skal også kunne ta hand om pårørande til involverte i ei uønska hending. Kapasitetsbehovet for eit slikt senter kan variere mykje alt etter omfanget av krisa. Beste lokalisering vil og variere ut i frå kvar krisa er, og tryggleikssoner kring denne. Det bør difor vere fleire alternative EPS.

Aktuelle EPS:

- Doktorheimen (fleire bygningar)
- Borgund skule (under ombygging i 2024)
- Borgund barnehage
- Ljosheim ungdomshus
- Tinghall ungdomshus
- Lærdalsøyri skule
- Lærdalsøyri barnehage
- Lærdalshallen
- Frilund ungdomshus (Lærdalsøyri)
- Erdal Ungdomshus
- Frønningen skule (privat)
- Borgund Samfunnshus (skule i 2024)

Kontaktlistar i del 8

4.2 Bemanning av EPS

Kommunen må bemanne EPS med leining og fagleg kompetente personar. Politiet vil stille personell til disposisjon for å ivareta oppgåver som registrering, avhøyr, varsling av pårørande, informasjon, mediehandtering, transport mv. Det vil også vere naturleg å bruke ressurspersonar frå kommunen sitt kriseteam i EPS.

Kriseleiinga peikar ut leiar for EPS. Han/ho har kontakt med kriseleiinga med informasjonsleiar (ordførar) som næraste føresette. Han eller ho må også ha kontakt med politiet og redningsleiinga. Det er politiet og redningsleiinga som skal gje direktiv om kor EPS skal bli etablert og korleis EPS skal fungere og operere. Det kan også vere aktuelt å samarbeide med andre «ulukkesigarar» om oppretting og drift av EPS.

Kommunen sin leiar av EPS må i tillegg samarbeide nært med aktuelle redningsaktørar om utføring av oppgåver i EPS.

Leiar av EPS må knyte til seg fleire medhjelparar, og dette bør i hovudsak vere personar tilsett i Helse- og Omsorgsektoren.

4.3 Arbeidsoppgåver i EPS

Leiar for EPS skal sikre at fylgjande blir ivareteke:

- Ta i mot personar som er evakuert frå ein ulukkesstad og gje desse omsorg og pleie.
- Leggje forholda til rette for at pårørande til omkomne, skadde og evakuerte kan samlast, få støtte, menneskeleg omsorg og informasjon.
- Skjerme pårørande frå media.
- Etablere eit system for registrering av alle som er evakuerte i samarbeid med politiet.
- Etablere ei telefonvakt for å imøtekome spørsmål frå publikum/pårørande på ein korrekt, effektiv og omsynsfull måte.
- Skaffe oversikt over aktuelle telefonnummer/adresser som kan vidareformidlast til publikum.
- Bringe vidare spørsmål som dei ikkje kan svare på til riktig etat eller til kriseleiinga.
- Etablere kontakt med prest og kriseteam ved behov.
- Sikre enkel forpleiing eller utvida forpleiing i samarbeid med kriseleiinga og friviljuge organisasjonar.
- Ordne forlegning etter avtale med kriseleiinga.
- Notere på eiga tavle registrerte informasjonsbehov.
- Setje opp vaktlister og føreslå bemanning for informasjonsleiar.
- Sette i verk særlege tiltak ved krise på bakgrunn av ein smittesituasjon.

DEL 5

Plan for etablering av Kriseteam

5.1 Generelt om Psykososialt kriseteam

Psykososialt kommunalt kriseteam skal verte varsla ved katastrofar, ulukker og uynskte hendingar i distriktet, når det vert vurdert å vera behov for slik hjelp.

Kriseteamet er ein støttefunksjon i debriefing av innsatspersonell etter større hendingar. Uformell briefing skal skje rett etter avslutta innsats- same dag, der kvar redningseining har ansvar for å same sine aktørar. Formell briefing (rekonstruksjon) skal skje 1-3 dagar etter hendinga, og inkludera alle involverte. Rådgjevar Helse har ansvar for å kalle inn heile teamet til fagmøte 2 gonger per år.

5.2 Organisering

Leiar i Psykososialt kriseteam:

Alle medlemmane er likeverdige og vert ikkje leia av ein einskild leiar. Det er type krise som avgjer kven av medlemmane som skal tre inn i leiarfunksjon.

Medlemar
Rådgjevar Helse
Prest
Fagsjukepleiar
Psykiatrisk sjukepleiar
Helsesjukepleiar
Leiar Politi
Leiar Barnevern
Lege

Kontaktlistar i del 8

Dersom det er naudsynt, kan og anna helsepersonell kallast inn for å bistå teamet.

5.3 Gjeldande prinsipp/ Ståande ordre

Varsling

Varsling skjer via legevaktsentralen, som syt for varsling til medlemmane (tlf. legevakt: 116 117). Intern vidarevarsling: Den fyrste som får meldinga frå legevaktsentralen, varslar dei andre i teamet. Dette kan skje gjennom Rayvn eller oppringing/SMS.

Oppmøtestad

Dersom ikkje anna beskjed vert gjeve, så er oppmøtestad Lærdal Helsecenter

Funksjon

Ved varsling skal minst to av medlemmane rykka ut. Gruppa samlast, planlegg og prioriterer tiltak ved alarm. Gruppa har ikkje vaktberedskap.

DEL 6

Plan for opplæring og oppfølging

6.1 Opplæring

Alle som har ei rolle i kommunen si krisehandtering skal ha tilstrekkelege kvalifikasjonar. Nye medlemar av kriseleiing/kriseteam skal ha relevant opplæring. Alle medlemar av kriseleiinga (og varamedlemar) skal gjere seg kjend med det til ein kvar tid gjeldande overordna beredskapsplanverket, og har sjølv ansvar for å sette seg inn i underordna beredskapsplanar for sin eining i samråd med sin næraste leiar. Beredskapskoordinator er ansvarleg for at tilstrekkeleg intern opplæring vert gjeve etter følgjande sjekklister:

Sjekklister for opplæring:

Kven	Skal ha god opplæring i:	Skal ha god kunnskap om:
Alle i kriseleiinga inkludert varamedlemar	Planverket for beredskap	Rayvn, Nødnett, Satelittelefon
Alle i kriseteamet		Planverket for beredskap
Loggførarar	Rayvn	
Ordførar/informasjonsansvarleg	Mediahandtering, kommunikasjon i krise	
Beredskapskoordinator	Planverket for beredskap, Rayvn	Varsling24
Beredskapsrådet		Planverket for beredskap

6.2 Øving

Regelmessig trening og øvingar er eit viktig verkemiddel for å auke kommunen si evne til å handtere kriser. I medhald av forskrift om kommunal beredskap skal kommunen sin beredskapsplan verte øvd årleg. Scenario for øvingane bør verte henta frå kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse. Kommunen skal øve saman med andre kommunar og relevante aktørar der vald scenario og øvingsform gjer dette hensiktsmessig. Omfanget av øvingane kan variere frå enkle diskusjonsøvingar, funksjonsøvingar, speløvingar og fullskalaøvingar, og kan og vere deltaking på øvingar arrangert av Statsforvaltaren. Beredskapskoordinator har ansvar for å planleggje og gjennomføre årleg øving for heile kriseleiinga, i tillegg til årleg mindre øving for loggførarane aleine. Alle øvingar skal loggførast og evaluerast i Rayvn.

6.3 Evaluering

I etterkant av alle øvingar og uynskte hendingar skal det verte gjennomført ei evaluering for å fange opp viktig læring og forbetningspunkt. Involverte aktørar skal inviterast med til eit evalueringsmøte for å gjennomgå hendinga eller øvinga. Ved evaluering av hendingar er det viktig å fange opp moment som fungerte bra slik at desse kan verte styrka, og identifisere kva slag område me må kan gjennomføre forbetningar. Evalueringsrapporten vert skalert ut i frå storleik på øving/hending. Naudsynte tiltak skal førast opp, saman med ansvarlege for oppfølging av tiltaka. Beredskapsrådsgjevar er ansvarleg for å sikre at viktig læring vert teke inn i gjeldande planverk, for å sikre kontinuerleg forbetring.


6.4 Oppdatering og ajourhald av planverk

I medhald av Sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt skal planverket til ein kvar tid vera oppdatert, og som et minimum reviderast/ajourhaldast ei gong per år. Kommunedirektør har det overordna ansvar for gjennomføring av revidering/ajourhald og har fullmakt til å godkjenne årleg revidering av planverket. Planleggjar og Beredskapskoordinator har ansvar for å samordne og gjennomføre revidering i samråd med kommunedirektøren. Full revisjon av overordna ROS-analyse og Beredskapsplan skal gjennomførast kvart 4. år, og vedtakast av kommunestyret.

6.5 Distribusjon

Planleggjar har ansvar for distribusjon av oppdatert planverk og kontaktlister etter ajourhald. Alle medlemar og varamedlemar i kriseleiing og kriseteam, samt sentralbordet, skal ha eigne gule «krisepermar». Her skal oppdatert planverk og kontaktlister vere i permen til ein kvar tid, og permen bør supplerast med relevante beredskapsplanar, ros—analysar og rutinar for kvar enkelt eining. Planleggjar samlar inn, byter ut delar av det overordna planverket og erstattar med nytt, oppdatert planverk, og deler ut att permane. Planleggjar fører lister over kven som har permar. Alle har sjølv ansvar for å oppdatere underordna planverk for sin eining i «krisepermen».

6.4 Årshjul for oppfølging



DEL 7

Plan for kontinuitetsplanlegging

Kontinuitetsplanen skal sikre personell til samfunnskritiske oppgåver med uvanleg høgt fråvær grunna ei krise. Det blir lagt opp til at kontinuitetsplanlegginga til kommunen skal ha ei sentral rolle i beredskapsplanar etter DSB sin vegleiar i kontinuitetsplanlegging (2020).



Kontinuitetsplanlegginga til kommunen skal nytte scenario med opp til 40 % fråvær/mannskapsmangel i minst 5 veker. Alle einingane innan spesielt oppvekst, helse og teknisk skal ha eigne kontinuitetsplanar. Einingsleiarane skal ha oversyn over kontinuitetsplanlegging i sine einingar, som skal ta utgangspunkt i mal for kontinuitetsplanlegging for einingane (vedl. 4).

Sentrale spørsmål i kontinuitetsplanlegginga er:

- Kva skjer når personellfråværet aukar utover kva ein normalt kan forvente?
- Kva delar av verksemda vert hardest ramma?
- Korleis vil verksemda takle utfordringane og konsekvensane?
- Korleis konsekvensar kan utfall av leveransar/tenester frå verksemda få for andre?

I ein krisesituasjon er det viktig å halda oppe forsvarleg drift av kritiske samfunnsfunksjonar:

Tenestetype	Kritisk samfunnsfunksjon
Beredskap	Kriseleiing Brann og redning
Informasjon	Servicetorget og sentralbord
Helse og Omsorg	Leiing Interkommunal legevakt Kommuneoverlege/smittevernlege Andre helsefagpersonell avhengig av situasjon (for eksempel teststasjon, smittesporing) Sjukeheim og heimesjukepleie Bistand til heildøgns omsorgsbustadar
Teknisk	Vassforsyning Drift av avlaupssystem Vedlikehald av veg Drift av viktige bygg
Oppvekst	Naudsynt bemanning i barnehagar og skular for å sikre andre samfunnskritiske funksjonar og sårbare born og unge
IKT	Systemansvar
Andre	Veterinærvakt Miljøhygienisk (til dømes bistand til prøvetaking ved ureining)

Kommunen utfører mange oppgåver som til dels er lovbestemt. Ved ein pandemi som fører til eit fråvær opp til 40 %, vil samfunnet vera i ein unntaktstilstand og berre dei viktigaste oppgåvene vert prioriterte. Langt dei fleste av desse oppgåvene vil einingane helse- og omsorg, oppvekst og teknisk utføre. Det vert difor skildra meir utfyllande vurderingar innan desse einingane.

Eining for Helse og Omsorg

Ved for eksempel ein pandemi, vil behovet for legevakttenestar auke og pleietenestar auke (auka sjuklegheit blant eigne pasientar og auka trykk frå utskrivningar frå spesialisthelsetenesta). Alle desse tenestane kan verte vidareført med redusert bemanning.

Spesielt sårbare funksjonar med behov for spesialisert personell er:

- Elektronisk pasientjournal
- Dialyse
- Smertebehandling som krev spesialkompetanse
- Jordmorteneste
- Legetenestar

Alle kritiske tenestar kan verte vidareført med noko redusert bemanning, og ved mannskapsmangel på 40 % kan dei verte vidareført ved i tillegg å fordele om personalressursar frå ikkje-kritiske oppgåver. Det må reknast med at for å oppretthalda tenestane, vert kvalitet og kvantitet redusert, men innanfor forsvarlegheitsgrensa. Det er mest kritisk ved fråvær av spesialisert personell. Innanfor helse og omsorg er det stor grad av deltidsstillingar. Ved auka tidsbruk for deltidsstillingane, kan ein oppnå tilnærma 20-30% kapasitetsauke. I tillegg er det mogleg å pålegge (eventuelt etter kort opplæring) lågare fagleg kvalifisert personell auka oppgåver innanfor forsvarlegheitsgrensa. Nokon av dei deltidstilsette har ikkje større arbeidskapasitet, medan andre kan arbeide opp til 100%. Det vil vera aktuelt å at sjukehuset, helsestasjonen og LBO yter gjensidig personellbistand til kvarandre. Ved mannskapsmangel kan det og vera aktuelt å henta inn ressursar frå nabokommunar, vikarbyrå eller andre kommunar i landet. Det kan og vera aktuelt å henta inn pensjonistar og studentar for å auke bemanninga.

Eining for oppvekst

Barnehagetilbod og tilsyn for dei yngste skuleborna i kommunen for foreldre med samfunnskritiske funksjonar, samt sårbare born og unge, skal prioriterast ved stor mannskapsmangel. Dette tilbodet kan førast vidare så langt det let seg gjere med redusert bemanning og omfordeling av ressursar innan oppveksteininga. Ved tenesteyting under pandemi på «raudt nivå», vil det kunne bli behov for alternative tilleggslokale. Dette kan skape ytterlegare press på bemanninga, ved at lokale og borna vert spreidde.

Det er kommunedirektør i samråd med einingsleiarane som avgjer kva barnehagar og skular som minimum må vera opne ved stor mannskapsmangel, og kva sentrale samfunnsfunksjonar som skal ha tilgang/verte dekkja av denne tenesta. Reduserte opningstider kan og vera aktuelle tiltak for å sikre forsvarleg bemanning ved stor mannskapsmangel. Det kan og vera aktuelt å henta inn pensjonistar og studentar, og få hjelp frå nabokommunar eller vikarbyrå.

Eining for teknisk drift

Eininga har ansvar for viktige funksjonar som vassforsyning, drift av avlaupssystemet, vedlikehald av vegsamband og drift og reinhald av offentlege bygningar. Lærdal Brann og redning er og lagt under eining for teknisk drift. Ved stor mannskapsmangel på eininga, må fleire planleggingsoppgåver og kontrolloppgåver leggjast midlertidig ned. Det kan og vera mogleg å kjøpa tenestar frå andre verksemdar til vedlikehald av vegar, slik at mannskap kan prioriterast til dei viktigaste samfunnsfunksjonane som vatn, avlaup, reinhald, drift av dei viktigaste bygningane og brann og redning. Ved auka behov for personell innan reinhald pga. pandemi, kan det vera aktuelt å leige inn tenestar, omprioritere mannskap, stenge mindre viktige bygningar osv. Ved stort fråvær i brannvesenet, må det gjerast endringar på vakt- og turnusordninga. Det kan og vera aktuelt å henta inn ressursar på vakt frå sivilforsvaret eller nabokommunar som tilleggsbemanning.

Klinisk veterinærvakt

Kommunane har plikt til å sikre tilfredstillande tilgang på tenestar frå dyrehelsepersonell. Kommunane har ansvar å organisere klinisk veterinærvakt for alle dyreartar utanom ordinær arbeidstid, også ved mannskapsmangel over tid. Det er fleire veterinær og dyreklinikkar i Sogn, så det kan vera aktuelt å be om midlertidig bistand frå dei ved mannskapsmangel på ordinær veterinærvakt over tid. Det kan vera aktuelt å få bistand frå Mattilsynet til midlertidige nyttilsettingar for korte tidsrom for å handtere situasjonen.

Andre oppgåver

Ved mannskapsmangel i kommunen sine forvaltning og sakshandsamarfunksjonar, kan ordinær sakshandsaming verte utsett. Politiske møter kan arrangerast digitalt ved pandemi, men ved stort fråfall også i dei politiske utvala, bør saker som kan vente utsettast.

Servicetorg og sentralbord/informasjonsarbeid må verte prioritert bemanna.

Kommunedirektøren har oppnemnd stadfortredar ved fråvær.

Det er viktig å ivareta samspelet mellom oppvekst, barnevern og helse.

Ein stor del av kommunen si verksemd er avhengig av eit fungerande IKT-system. Ved mannskapsmangel på IKT-kontoret i kommunen over tid, bør det leigast inn tenestar eller hentast ressursar frå nabokommunar. Under ein pandemi kan mykje av kommunen sine tenestar leverast frå heimekontorløyisingar, men ein er då heilt avhengig av at desse fungerer.

Ved mannskapsmangel i kyrkja, må gravferder prioriterast før gudstenestar og anna.

Alle einingar i kommunen bør gå gjennom mal for kontinuitetsplanlegging for einingane (vedlegg), for å stille førebudde til ulike scenarie for mannskapsmangel, som for eksempel streik, masseoppseiingar eller pandemi.

DEL 8

Kontaktlister

Kriseleiing:

Tittel	Namn	Adresse	Tlf. arbeid	Tlf. privat
Kommunedirektør	Gunn Lerøy	Strandavegen 27, 6884 Øvre Årdal	45 21 17 75	45 21 17 75
Ordfører	Audun Mo	Vindhella 88, 6888 Borgund	99 20 50 06	99 20 50 06
Einingsleiar Tekniske tenester	Harald Stadheim	Ofta Vest 22, 6887 Lærdal	97 52 69 98	97 52 69 98
Landbrukssjef	Magnhild Aspevik	Hanseskogen 21, 6887 Lærdal	47 48 65 50	91 15 94 23
Einingsleiar Helse/Sogn LMS	Jonathan Nettet	Mari-Jakobvegen 2, 6887 Lærdal	41 50 17 51	41 50 17 51
Organisasjon – og personaleleiar	Marianne Voldum	Vindhella 88, 6888 Borgund	97 58 27 15	97 58 27 15
Loggfører – Fagleiar Løn	Monica Lysne Bøe	Mosvegen 313, 6887 Lærdal	47 48 42 06	90 60 72 12
Loggfører – Fagleiar arkiv	Renate Fossen	Sviggum 7, 6887 Lærdal	45 97 12 02	90 62 09 75

Personleg vara for kriseleiing:

Medlemar	Namn	Adresse	Tlf. arbeid	Tlf. privat
For Kommunedirektør: Einingsleiar Tekniske tenester	Harald Stadheim	Ofta Vest 22, 6887 Lærdal	97 52 69 98	97 52 69 98
For Ordfører: Varaordfører	Janne Marie Reppen	Grimsgjerde 4, 6887 Lærdal	94 18 85 19	48 03 59 53
For Einingsleiar tekniske tenester: Oppsynsmann tekniske tenester	Tor Magne Gjerde	Stødnavegen 7, 6887 Lærdal	91 70 30 67	91 70 30 67
For Landbrukssjef: Planleggjar	Monika Lysne	Saltkjelen 18, 6887 Lærdal	90 51 66 86	90 51 66 86
For Einingsleiar Helse/Sogn LMS: Einingsleiar Pleie og Omsorg	Toril Tørvi Grøthe	Mosvegen 157, 6887 Lærdal	91 36 06 33	91 36 06 33
For Organisasjons- og personalleiar: Rådgjevar kultur og oppvekst	Camilla Grøtnebø	Fortun 3, 6887 Lærdal	99 37 66 31	99 37 66 31
For loggfører Fagleiar Løn: Økonomikonsulent	Anita Bentås	Ofta Vest 20, 6887 Lærdal	47 65 02 60	47 08 09 65
For loggfører Fagleiar arkiv: Personalkonsulent	Edel Ørbeck Mo	Mosvegen 556, Lærdal	47 45 47 69	99 44 33 83

Kontaktperson Frønningen	Tlf. privat
Vilhelm Rumohr	41 10 13 00

Kontaktperson Flyktningar	Tlf. arbeid	Tlf. privat
Serif Isic (til og med april -24)	90 76 23 16	94 08 44 09
Ingvill Sjøthun (frå og med mai -24)	47 45 93 65	99 15 79 73

Kriseteam

Medlemar	Arbeid	Privat
Rådgjevar Helse Åge Bøyum	90 07 46 76	90 07 46 76
Prest Gunnar Eldevik (til februar-24)	94 48 52 67	94 48 52 67
Fagsjukepleiar LBO Tine S. Cruikshank	47 48 67 13	97 56 89 56
Psykiatrisk sjukepleiar HBO Kathrine K. Natvik	93 48 79 45	93 48 79 45
Fungerande helsesjukepleiar Ingrid E. Zwart	57 66 95 00 / 90 67 75 37	90 67 75 37
Leiar Politiet ÅLA Marit Breistøl	40 03 84 71	41 76 72 88
Barnevernsleiar Anja Brekke Moldvær	90 88 48 63	90 88 48 63
Lege Yaser Chaudary	57 66 95 00/92 81 39 50	92 81 39 50

Personalet/ressursar Helse

Funksjon/teneste	Tilsett	Telefonnr.
Medisinsk nødtelefon		113
Legevaktsentral		116 117
Lærdal Sjukehus		57 64 00 00
Lokalmedisinsk senter	Sentralbord DL Jonatan Nesset	57 66 69 90 41 50 17 51
Lærdal Helsesenter		57 66 95 00
Kommuneoverlege	Frode Myklebust	91 51 75 50
Kommunelege	Yasmin Kausar Akram	93 60 92 46
Kommunelege	Maria Mousaki	96 87 46 98
Kommunelege	Yaser Arab Chaudary	92 81 39 50
Barnevernsleiar	Anja Brekke Moldvær	90 88 48 63
Helsesjukepleiar	Sari Kumpula	97 74 41 21
Sjukepleiar Helsestasjon	Ingrid Einemo Zwart	90 67 75 37
Sjukepleiar Helsesenter (helsestasjon)	Ingrid Ødegård	47 67 52 15
Sjukepleiar Helsesenter	Anne Marit Hunderi	97 51 48 40
Sjukepleiar Helsesenter/LMS	Mona Hålien	95 12 43 54
Sjukepleiar Helsesenter/LMS	Marte H. Nedberge	48 12 10 89
Fagsjukepleiar Helsesenter/LMS	Malin Partenyi	99 32 74 75
Einingsleiar LMS og Helsesenter	Jonatan Nesset	99 32 74 75
Mattilsynet	Avdelingsleiar Sogn Gro Eliassen	22 40 00 00
Lærdal Tannklinikk		57 63 68 45
Tannlege Henning Lem		57 66 66 59
Lærdal Bu- og omsorgsheim, vakt		47 48 66 67
Lærdal Bu og omsorgsheim, einingsleiar	Toril Tørvi	91 36 06 33
Lærdal Bu- og omsorgsheim, kjøkken		47 48 66 38
Lærdal Heimesjukepleie, vakttelefon		95 81 95 90
Kommunalteknisk vakttelefon		97 05 74 80
NAV Leiar	Einar Moen	90 99 15 39
Lærdal Røde kors, operativ leiar		93 20 45 85
Sivilforsvaret, avd. Indre Sogn, vakt		57 62 88 60
Lærdal Apotek		57 66 99 66
Fylkeslegen	Sjur Lehmann	57 64 30 00
Førde sentralsjukehus		57 83 90 00
Voss sjukehus		56 53 35 00
Krisesenter i Sogn og Fjordane		57 74 36 00

Andre ressursar i krisesituasjonar

Ressurs	Kontaktperson	Telefon
Statsforvaltaren i Vestland		57 64 30 00
Statsforvaltaren i Vestland, beredskapsavdelinga	Håvard Stensvand	57 64 30 10/ 91 57 74 32
IKT – rådgjevar	Amund Øvstetun	95 82 21 09
Landbrukssjef	Magnhild Aspevik	47 48 65 50
Frivillighetssentralen	Ann Kristin Evensen	97 05 74 84
Veterinærvakta		88 00 63 66
Ettersøksringen, vakt		95 48 22 99
Viltforvaltar	Knut Fredrik Øi	93 05 63 37
Servicesentralen, sekretær	Jorunn Hatlevoll	48 03 40 07
Aurland kommune, sentralbord		57 63 29 00
Årdal kommune, sentralbord		57 66 50 00
Sogndal kommune, sentralbord		57 62 96 00
Vang kommune, sentralbord		61 36 94 00
Hemsedal kommune, sentralbord		31 40 88 88
Statens vegvesen, vegsentralen		175
Statens vegvesen, region vest		22 07 30 00
NVE, Region Vest	Sentralbord/beredskapstlf.	25 95 95 95/90 99 22 31
Voll Lunde Maskin AS (entreprenør)	Ola Inge Voll Lunde	97 08 23 26
Oskar Brugrand AS (entreprenør)	Oskar/Odd Inge Brugrand	57 66 91 66
Einemo AS	Rune Einemo	95 92 91 94
Borgund Mur og Entreprenørservice AS	Odd Arne Voldum	90 51 87 21
Solheim Taxi	Marianne Solheim	41 51 01 00
Simas AS		57 65 70 70
Lærdal Energi/Sygnir AS/Kraftriket		57 69 86 03/57 66 94 00

Frivillige lag og organisasjonar	Kontaktperson	Mobil
Lærdal Røde kors	Monika Lysne/Øyvind AA. Lysne	90 51 66 86/93 20 45 85
Lærdal Turlag	Finn Gram	97 76 12 95
Lærdal MC-klubb	Kjell Hiller	91 71 84 45
Lærdal Idrettslag	Guri Olsen	97 54 86 31
Lærdal Bygdekvinnelag	Hanne Grimelid	95 13 66 78
Borgund Bygdekvinnelag	Kjellrun Nesse	90 96 23 94
Borgund Utvikling	John Bøthun Liøen	97 58 84 79

Redningsressursar

Liste over diverse instansar som disponerer redningsressursar i kommunen

Instans/redningsressurs	Kontaktperson	Telefon arbeid	Mobil
Brannvernmateriell	Gaute Johnsgaard		90 11 62 65
Teknisk drift sine ressursar	Leiar tekniske tenester		91 78 37 57
Heimevernet sine ressursar	Områdesjef Stig Hope	55 54 63 00 (sentralbord)	95 70 74 07
Tide, Sogndal		57 67 66 00	90 20 52 42
SognLab AS		57 67 67 30	
Naudstraumsaggregat	Ørjan Bøyum, Lærdal Energi	57 66 94 20	90 82 75 78
Apotekvarar	Apotekar Djordje	57 66 99 66	93 92 78 52
Sanitærmateriell, mannskap, lysutstyr, kompetanse, samband, snøscootere, båt	Lærdal Røde kors Hjelpekorps		93 20 45 85 (operativ leiar) 90 51 66 86 (korpsleiar)
Sanitærmateriell, lys, samband, telt, kompetanse	Sivilforsvaret (FIG), vakttelefon	57 62 88 60	
Lavinemateriell og personell, søkshundar, fjellklatring, dykkarar	Kan rekvirerast gjennom politiet		
Anleggsmaskiner og transportmateriell	Oskar Brugrand AS Voll Lunde Maskin AS Einemo AS Borgund Mur og Entreprenørservice	57 66 91 66	99 69 43 15 97 08 23 26 95 92 91 94 90 51 87 21
Løfteutstyr/kranar	Team Verkstad Vest AS West Maskin Falken vakttelefon Viking Lærdal	57 66 79 50 57 66 93 05 91 56 93 05 57 66 66 88	91 78 72 40 94 50 92 42 06000
Båtar, Lærdal Båteigarlag	Rune Einemo, hamnesjef		95 92 91 94

Aktuelle evakueringscenter (EPS)

	Lokalitet	Fasilitetar	Kontaktperson	Telefon
Lærdalsøyri	Lærdalsøyri skule m/idrettshall	Stort kjøkken, kan romme mange hundre personar, garderober, wc, vatn, straum, internett, romsleg plass til madrassovernatting	Konstituert rektor Eva H. Solstad Oppsynsmann Tor Magne Gjerde: Vakttelefon teknisk:	57 64 13 33/ 91 59 71 93 91 70 30 67 97 05 74 80
	Lærdalsøyri barnehage	Stort kjøkken, kan romme fleire hundre personar, romsleg plass til madrassovernatting, mindre garderober, wc, vatn, straum, internett	Hovudnummer Styrar	47 48 70 57 48 86 30 94
	Ungdomshus Frilund	Kjøkken, vatn, wc, straum, noko plass til madrassovernatting	Leiar Ungdomslag Alf Olsen	97 53 92 92
	Kulturhuset	Stort kjøkken, vatn, wc, straum, kan romme mange hundre personar, romsleg plass til madrassovernatting	Vakttelefon Teknisk	97 05 74 80
	Lindstrøm Hotell	Alle fasilitetar, ca 170 sengeplassar i rom, stort kjøkken, store fellesareal	Knut Lindstrøm	97 53 61 90
	Lærdal Hotell	Alle fasilitetar, 160 sengeplassar i rom, store fellesareal, stort kjøkken	Ole Kristian Nedberge	57 66 77 00/ 93 00 93 32
	Lærdalsøren hotell	Alle fasilitetar, 8 sengeplassar, kapasitet til meir	Johannes Einemo	93 87 45 82
	Lærdal Ferie- og fritidspark	Alle fasilitetar, hytter, motell, leilegheiter, opptil 250 sengeplassar	Even Aarehun	57 66 66 95/ 90 01 29 52
Erdal	Erdal Ungdomshus	Vatn, wc, straum og kjøken. Noko plass til madrassovernatting	Leiar ungdomslag, Berit Knudtson	57 66 68 77
Tønjum	Tinghall Ungdomshus	Vatn, wc, straum og kjøken. Noko plass til madrassovernatting.	Leiar ungdomslag, Laila Etterlid	95 03 46 40
Ljøsne	Ljosheim Ungdomshus	Vatn, wc, straum og kjøken. Noko plass til madrassovernatting	Rikheim og Ljøsne ungdomslag, Rita Aarehun Mo	90 88 80 27
	Nedlagd Ljøsne skule m/gymsal	Kjøkken, wc, vatn, garderober, romsleg plass til madrassovernatting	Eigar Remi Solbakken	46 69 05 55
Borgund	Borgund skule m/gymsal (ombygging i 2024)	Kjøkken, vatn, wc, garderober, internett, romsleg plass til madrassovernatting	Einingsleiar Linda Uglenes Maristuen	41 51 35 67
	Borgund barnehage	Kjøkken, vatn, wc, internett, romsleg plass til madrassovernatting	Styrar Torun V. Gram	92 28 47 86
	Samfunnshuset på Borgund (skule i 2024)	Kjøkken, vatn, wc, internett, romsleg plass til madrassovernatting	Vaktmeister Roy Håkon Fjellstad	91 70 95 04
	Husum Hotell	Alle fasilitetar, om lag 20 sengeplassar, men større kapasitet tilgjengeleg	Kari Breistøl	57 66 81 48
	Borgund hyttesenter, Voldum	Alle fasilitetar, om lag 52 sengeplassar i hytter	Ole Andre Voldum	90 62 08 59
	Maristova Fjellhotell	Alle fasilitetar, om lag 50 sengeplassar	Steinar Fossli	90 92 94 58

Andre overnattingsplassar	Tlf.nr.
Bjøraker Camping	57 66 87 20
HI Borlaug	97 15 77 88
Eggum Gard	41 68 01 77
Maristuen Fjellferie	57 66 87 11
Sanden Pensjonat	57 66 64 04/ 47 66 99 09